

FYLKESBIBLIOTEKET 2005

Fylkesbiblioteket er eit lovfesta fylkeskommunalt organ som har til oppgåve å utvikle og supplere bibliotekdrifta i fylket. I Hordaland skjer dette gjennom ulike verkemiddel som rådgjeving, opplæring, tilskipping av kurs og konferansar, initiering og deltaking i kommunale utviklingstiltak, planarbeid og utlånsverksemd via bokbåt og fjernlånsavdeling.

I tillegg til biblioteklova er fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland styrande for arbeidet. Fylkesdelplan for åra 2002-2005 blei vedteken i fylkestinget i oktober 2002. Det overordna målet for planen er at biblioteka i Hordaland skal fungere som eit effektivt og samordna nettverk der brukarane sine behov for formidling og tilrettelegging av informasjon skal stå i sentrum. Verksemda skal ha høg kvalitet og gi eit tilbod til alle ved å femne om ålmenn folkeopplysning, utdanningsretta tenester og kultur

Det var i 2005 8,7 (10,45)* årsverk på fylkesbiblioteket. To årsverk er tilknytt fjernlånsverksemda og har arbeidsplass i leigde lokale på Bergen off. bibliotek.

Driftsoppgåver

Fjernlån

Fjernlånstenesta mottok 13225 (14578) bestillingar frå andre bibliotek – ein nedgang på 9% frå året før. Berre 51 (122) tingingar blei sende vidare til andre. Det vil seie at biblioteka i aukande grad nyttar Internett til å sjekke om bøkene dei treng finst i fellessamlingane til fylkesbiblioteket og Bergen off. bibliotek. Det blei lånt ut 12 732 (13 466) einingar frå fellessamlinga.

I tillegg svarte fjernlånstenesta på 2800 (2 758) spørsmål om ymse emne og hjelpte bibliotek med å finne fram til bibliotekressursar og andre ressursar på nettet. Mykje rettleiing gjeld lokalhistoriske kjelder og lokalhistorisk kunnskap.

Bokbåten 2005

Bokbåttenesta er eit samarbeidstiltak mellom Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland fylkeskommunar.

Bokbåten er eit svært populært bibliotek- og kulturtilbod langs kyst- og fjordområda i Hordaland. ”Epos” hadde 40 driftsdagar i 2005, og 53 stoppestader blei vitja to gonger. Inkludert utlån frå bokdepota som bokbåten set igjen på stoppa for vidareutlån mellom kvart besøk, blei det utlånt 23.506 einingar (24.160), 16.093 til barn, 7.018 til vaksne og 395 lydbøker,. Nedgangen er hovudsakleg på utlån til vaksne. Talmaterialet syner at særleg for dei yngste og minst mobile lånarane, er bokbåten eit viktig supplement til tilbodet dei får gjennom dei kommunale biblioteka. I alt blei det gjennomført 62 (67) kulturprogram om bord, med eit samla publikumstal på 1.917 (2.040). Kulturprogrammet på båten i år har vore skodespelar Gabrielle Barth, forfattar Sylvelin Vatle, skodespelar, forfattar og forteljar Adama Barry, og forfattar og forteljar Anneke Bjørgum. Kulturprogrammet på bokbåten er eit samarbeid med Den kulturelle skolesekken i Hordaland.

Dei tre fylkesbiblioteka samarbeider om Bokbåtklubben, som vart oppretta hausten 2001. Medlemsbladet for klubben, ”Bokbåtbladet”, blir sendt ut til ca 1500 barn i grunnskulen i Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane. Bladet kjem i eit opplag på 2200 (600 for Hordaland).

* tal frå 2004 står i parentes

Rettleiingsteneste, møte, kurs og opplæring

Det blei skipa til 27 ulike kurs og konferansar. Av dette var ein nordisk bokbussfestival og fagleg konferanse i samband med den store internasjonale bibliotekkonferansen i Oslo i august og fleire kurs og møte i samband med lesestimulerings tiltak. Det var omlag 810 deltakarar på desse arrangementa. Eit samarbeid mellom vestlandsfylka gjer det mogleg for bibliotektilsette i Hordaland å delta på kurs i regi av fylkesbiblioteka i dei andre fylka, når dei har ledig kapasitet. Bibliotektilsette i Rogaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal har deltatt på kurs i Hordaland i 2005.

Fylkesbiblioteket gjennomførte om lag 20 (20) møte med kommunane i Hordaland i løpet av året. Oppgåvene har variert frå rein bibliotek teknisk rettleiing til spørsmål om organisering av samarbeid mellom folke- og skulebibliotek, nye biblioteklokale og drøfting av nye roller og oppgåver for folkebiblioteka. Dei nye biblioteksjefane i Bømlo og Sveio blei vitja.

Klassesett

Fylkesbiblioteket låner ut klassesett til grunnskular i fylket utanom Bergen. I 2005 fekk alle tilsendt ei informasjonsbrosjyre om ordninga. Det blei lånt ut 58 sett, i alt 685 bøker.

Utviklingsoppgåver

Gjennom fylkesdelplan for biblioteka i Hordaland 2002-2005 er fylkesbiblioteket ein aktiv utviklingsaktør. Dei viktigaste prosjekta i 2005 har vore:

Gi rom for lesing

Gi rom for lesing er ein femårig (2003-2007) nasjonal strategi og tiltaksplan for å stimulere elevar til leselyst og lesekunnskap. Midlane i planen er fordelt fylkesvis gjennom Utdanningsavdelinga hjå Fylkesmannen, som løyvde kr 300.000 til fylkesbiblioteket i 2005. I tillegg kom ca. kr 45.000 frå Kunnskapsløftet. Hovudvekta var lagt på tiltak som nådde elevar i vidaregåande skule, og noko til lesestimulering i fengsel. Halvparten av midlane blei disponerte av skular ut frå søknad. Døme på tiltak: Bokmeldar i Bergens Tidende vitja klassar; elevane valde sjølve kva bøker dei ville lese, og lærte å skrive bokmeldingar som kunne fengje andre. Formidling av kunnskap om teikneseriar og samarbeid med Forfattersenterum om forfattarar på skulebesøk. Lærarar har fått tilbod om kurs knytte til leseaksjonar og orientering om nyare bøker som kan høve for elevar i vidaregåande skule.

Eldreveven

I april 2005 fekk fylkesbiblioteket kr. 70 000,- i støtte frå ABM-utvikling til prosjektet "Etablering av nasjonal kulturnettstad for eldre". Målet med prosjektet er å leggje om Eldreveven til ein kreativ møteplass for eldre i heile landet og for alle som har interesse for eldre sine ressursar og bidrag. Prosjektet er godt i gang. Den nye utgåva av Eldreveven blir lansert 1. juni 2006.

Samordning og omstrukturering av Kulturnett Hordaland

Fylkesbiblioteket har vore med på utviklinga av det nye Kulturnettet som blei lansert 23. september 2005. Nettstaden har fått heilskapleg design og struktur, og er basert på ein ny felles plattform for alle dei regionale kulturnetta i landet. Fylkesbiblioteket har ansvar for oppdateringa av eit eige bibliotektema, med brukarretta informasjon om tenestetilbodet i biblioteka i Hordaland og elles.

Bibliotek i vidaregåande skule

"Strategisk handlingsplan for utvikling av skulebiblioteka i vidaregåande skular i Hordaland 2004-2010" blei vedteken i fylkestinget i juni 2004. Fylkesbiblioteket samarbeider med Arbeidslaget kompetansefylket Hordaland om å gjennomføre tiltaka i planen. I 2005 har ein stasta på å kartleggje stoda på skulane, kompetanseheving av bibliotekansvarlege og sentral drifing av biblioteksystemet. Årstad vg. skole har fått tilsett bibliotekar – den førte heiltidstilsette, fagutdanna bibliotekaren i vidaregåande skule i Hordaland. Det er gitt innspel til at ein i Etne kan få eit kombinert folke- og skulebibliotek for vg. skule.

Tilbod om sentral drifting av biblioteksystemet Mikromarc

I samband med satsing på utviklinga av biblioteka i dei 46 vidaregåande skulane, har fylkesbiblioteket i samarbeid med IT-seksjonen og Opplæringsavdelinga tatt initiativ til sentral drifting av biblioteksystemet Mikromarc for skulebiblioteka. Det er innkjøpt egne serverar og inngått kontrakt med systemleverandøren. Dei folkebiblioteka som har Mikromarc har også fått tilbud om drifting i fylkesadministrasjonen.

Interkommunalt samarbeid mellom biblioteka i Fjell, Sund og Øygarden

Arbeidet med biblioteksamarbeid mellom desse kommunane starta i 2003. Samarbeidet har resultert i ein samarbeidsavtale mellom biblioteka. Det er planar om felles søk i bibliotekatalogane. Biblioteka har også fått felles nettstad som blei opna 17.mars 2005. <http://www.biblioteka.ivist.no/>

Digitalt og lokalt

Fylkesbiblioteket og fylkesarkivet starta saman med folkebiblioteka i fleire kommunar i Sunnhordland eit prosjekt i mars 2005. Målet er å byggje opp ein regional modell for digital formidling og lokal forvaltning av historiske fotografi. Prosjektet involverer også Sunnhordland museum, sogelag og friviljuge organisasjonar i kommunane Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord og Sveio. Det har blitt innkjøpt biletregistreringsprogram og vore to samlingar og eit kurs i prosjektet, samt rettleiing lokalt i nokre av kommunane.

Bibliotekplan for Nordhordland

Fylkesbiblioteksjefen tok hausten 2005 mot oppdrag frå Regionrådet Nordhordland IKS å lage bibliotekplan for dei åtte samarbeidande biblioteka i regionen. Planarbeidet er organisert i tett samarbeid med biblioteksjefane. Den vil bli presentert på møte med kvar einskild kommune før endeleg framlegging for regionrådet i april/mai 2006.